



**Naturvernforbundet**  
i Sogn og Fjordane



Gaular kommune

Leikanger 10.12.2019

**Dette brevet vert sendt på vegne av:** Norsk Ornitologisk Foreining, Sogn og Fjordane Turlag, NJFF Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet Indre Sunnfjord, og Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane.

#### **Fråsegn til områdereguleringsplan for Sande sentrum – plan ID 1430-20150004**

Vi viser til høyring av områdereguleringsplan for Sande sentrum i Gaular kommune, med frist for innspel 10.12.2019, og gir her felles innspel til planen. Tilvising til referansar er løyst fortløpande i teksten eller med fotnotar.

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane (FNF) er eit samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar på fylkesnivå. Føremålet med FNF er å styrke arbeidet til organisasjonane med å ta vare på natur- og friluftslivsinteressene i dei enkelte fylka.

Områdereguleringsplanen omfattar blant anna heile deltaområdet og Øyra ved Sande sentrum, og ifølge faktaark i Naturbase blir dette området omtalt som truleg eit av dei best utvikla og mest verdifulle ferskvassdeltaa i regionen. Dette er eit våtmarksområde som har lokal og regional verdi, særleg som rasteplass for våtmarksfugl utanom hekketida, sidan det til dømes gjort registreringar av vipe i trekktida. Ifølge Naturbase er det gjort registreringar av fleire raudlista fuglar innanfor planområdet, blant anna vipe som er sterkt trua, og fiskemåke, taksvale, sandsvale og gauk som alle er nær trua, ifølge Norsk raudliste for artar (2015).

Miljøfaglig Utredning (MU) har laga ein skjøtselsplan for Øyra, datert 12.02.2015, og Gaular kommune har vore oppdragsgjevar. Vi kan ikkje sjå at den skjøtselsplanen blir omtalt i områdereguleringsplanen, og oppmodar Gaular kommune til å legge vekt på skjøtselsplanen, og dei registreringane som finst i Naturbase. MU beskriv området som eit elvedelta med tilhøyrande mudderbankar, våtenger og flaummarkskog, og har verdsette lokaliteten som særskilt viktig (A) (2015).

Vi meiner difor dette er et viktig område for fugl, spesielt i periodar med lavt vassnivå, når mudderbankane kjem fram. MU har også lista opp mange fugleartar og ulike karplanter, som ikkje nødvendigvis er truga på noko vis, men like fullt særskilt viktig å ta vare på. Det er viktig å merke seg at MU hevdar alle økosistema er viktige, for at deltaet som ein heilskapleg eining skal fungere som økosystem. Dette er også viktig som sikringsvern mot flaumar ved auka nedbørsmengder, jfr. ROS analysen i omtala frå Nordplan og flaumsonekartlegginga frå Sunnfjord Geo Center.

Det er fleire detaljer knytt til miljøomsyn i skjøtselsplanen frå MU, som ein bør sjå nærmare på, til dømes forureining til vassdrag og ulike omsynssoner i deltaet. Gaula er også eit lakseførande vassdrag, og her er det fleire omsyn som bør bli vektlagt, både knytt til økosystem og friluftsliv. Laks er ein anadrom fiskeart, som betyr at han vandrar regelmessig til havet på søk etter næring, og kjem attende til elva for å gyte. Ifølgje organisasjonen Norske Lakseelver utgjer dei nedste 15 kilometerne det anadrome strekket av Gaula, og det finst laksesmolt i den delen av elva som ligg innanfor områdereguleringsplanen, ifølgje ein lokal innbyggjar som har vore involvert i laksefisket der. Difor må dette og fleire andre miljøomsyn bli greidd ut i planarbeidet, og ein må ta inn konkrete planføresegner i reguleringsplanen for å verne om naturmangfaldet, og sikre økosistema i deltaet som ein heilskapleg eining.

Vi vil gjere Gaular kommune merksam på ordlyden i Norplan sitt forslag til planomtale, særleg kapittel 5.8 om naturverdiar, naturmangfald og viltinteresser, på side 24. Her er eit sitat:

Det er registrert viktige naturtypar innanfor planområdet, men ikkje spesielle verdiar i høve biologisk mangfald (jf. fylkesatlas og artsdatabanken). På grunnlag av dette, lokalkunnskap og synfaring i området, er det vurdert slik at dette er tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag i samsvar med §8 i nml.

Denne utsegna frå Norplan må etter vår mening vere ein saksbehandlingsfeil. I tillegg har Norplan i si ROS analyse registrert at biologisk mangfald (både terrestrisk, akvatisk og marint) ikkje har signifikant risiko. Dette er openberre feil basert på dei registreringane vi har peika på frå Naturbase og skjøtselsplanen frå Miljøfaglig Utredning (MU). I tillegg stiller naturmangfaldlova § 8 krav om vitskapeleg kunnskap. Difor må det bli gjennomført ei kartlegging av det biologiske mangfaldet innanfor planområdet, i tillegg til dei områda som

skjøtselsplanen frå MU allereie famnar om, men som tilsynelatande ikkje er med i planen. Vi oppmodar Gaular kommune til å ha ei meir presis tilnærming i høve biologisk mangfald, og vektlegge miljøomsyn sterkare i planen, enn det Norplan har gjort i sitt forslag. I alle høve er det Gaular kommune sitt ansvar å gjere dette, jfr. plan- og bygningslova § 3-2, om ansvar og bistand i planlegginga. Vi stiller også spørsmål ved om Norplan har greidd ut den lokale kunnskapen, basert på deira utsegn ovanfor. Det er enkelt å finne lokal kunnskap som peikar nettopp på spesielle verdiar i høve biologisk mangfald. Den lokale kunnskapen må og sjåast i samanheng med kunnskapsgrunnlaget både frå det internasjonale naturpanelet (IPBES)<sup>1</sup> og det internasjonale klimapanelet (IPCC)<sup>2</sup>, når det gjeld lokal planlegging og forvalting knytt til biologisk mangfald og ROS analysen.

Vidare er det i Naturbase registrert fleire kulturminne både innanfor, og i randsona til planområdet. Noko er omtalt i planomtalen, blant anna kyrkja og prestegarden med gravhaug. Det finst også fleire SEFRAK registrerte kulturminne i Naturbase, som vi ikkje kan sjå at er med i omtala. Vi oppmodar Gaular kommune til å vektlegge å sikre alle kulturminna i planarbeidet.

Til slutt, men ikkje minst, vi kan ikkje sjå at friluftsliv er nemnt i det heile, anna enn som ein av dei overordna føresetnadene for planen, under kapittel 4 om planstatus og rammer for arbeidet på side 16. Difor oppmodar vi Gaular kommune til å finne ein måte å innarbeide kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i områdereguleringsplanen for Sande sentrum, sidan Gaular kommune no held på med den kartlegginga. I tillegg bør ein i arbeidet med denne områdereguleringsplanen sjå på dei allereie vedtekne kommunedelplanane høvesvis laga som temoplan for friluftsliv, og det som er knytt til friluftsliv i eigen kommunedelplan for Sande i Gaular kommune. Ein kan også finne tilvisingar til friluftsliv og kommunedelplanar i utdrag frå skjøtselsplanen som blei laga av Miljøfaglig Utredning (MU), for Gaular kommune.

Med venleg helsing for  
Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane (FNF)

Elisabeth Dahle, fylkeskoordinator



Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane  
Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger  
Tel.: 480 20 532 Org.nr. 912 265 722  
[www.fnf-nett.no/sognogfjordane](http://www.fnf-nett.no/sognogfjordane)  
[sognogfjordane@fnf-nett.no](mailto:sognogfjordane@fnf-nett.no)

<sup>1</sup> [https://ipbes.net/sites/default/files/downloads/spm\\_unedited\\_advance\\_for\\_posting\\_htn.pdf](https://ipbes.net/sites/default/files/downloads/spm_unedited_advance_for_posting_htn.pdf)

<sup>2</sup> <https://www.ipcc.ch/sr15/chapter/spm/>